

REVIDERTE FORSKRIFTER FOR VATN- OG KLOAKKAVGIFTER.

Godkjent av kommunestyret Sak 65/05. — 15. 12.05

I. AVGIFTSPLIKTIG.

1. 1. Plikten til å betale vatn- og/eller kloakkavgift gjeld:

- Fast eide dom, som er tilknytta kommunal vatn- og/eller kloakkledning, direkte eller gjennom privat samleledning.
- Eide dom som bygningsrådet i medhald av plan- og bygningslovens sin §§ 65, 66 eller 92 har krevd tilknytta vatn- og/eller kloakkledning.

1.2. Eigaren står ansvarleg for avgiftene. For eide dom som er bortfesta, betalar festaren i staden for grunneigaren. Føresetnaden for dette er at eide domen som er bortfesta ved arveskifte, eller på så lang tid at det ennå er minst 30 år igjen av festetida, rekna frå det tidspunktet då avgiftsplikta fyrste gong inntrådde. Det same gjeld dersom festaren etter avtale har rett til å kreve festet forlenga for så lang tid at den samla attståande festetid i tilfelle avtala vert forlenga, vert 30 år.

II. DEFINISJON AV KLOAKKLEIDNING.

Med kloakkledning forståes i desse forskriftar separate leidningar for avløp frå sanitærutstyr og industriproduksjon (Spillvassleidning), samt leidningar for tak-, drems- og overvatn (overvassleidningar), eller fellesleidningar for desse avløpstypane. Som privat ledning vert rekna ledning frå koplingspunkt på off. ledning og inn til husvære.

III. AVGIFTSFORM.

Avgiftene omfattar:

- Tilknytningsavgift for vatn
- Tilknytningsavgift for kloakk
- Årsavgift for vatn
- Årsavgift for kloakk

IV. AVGIFTSSATSAR.

Avgiftssatsane vert fastsett av kommunestyret, og trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.

V. RESTRIKSJONAR PÅ VASSLEVERANSE M.M.

Restriksjonar for vassforbruk, eller kortare avbrudd i leveranse av vatn eller mottak av kloakk, gjev ikkje grunnlag for reduksjon av avgiftene.

VI. AREALBEREKNINGSMETODE.

I den utstrekning avgiftsberekninga vert gjort avhengig av storleiken på det bygde arealet, skal arealutrekninga fylgia dei reglar som er trekt opp i Norsk Standard NS 3940 (Areal- og volumberekning av bygningar).

- Bustader: bruksareal

VII. TILKNYTNINGSAVGIFTER.

7. 1. Tilknytningsavgift for vatn- og kloakk skal betalast:

- Ved nybygg
- Når bebygd eidegom vert tilknytta til kommunal vatn- og/eller kloakkledning.

7.2. Tilknytningsavgifta vert for bustad og fritidsbebyggelse fastsett som eit fast beløp for vatn, og eit fast beløp for kloakk. For næringsvirksomhet vert avgifta fastsett i forhold til type næring. Avgiftene vert gradert etter låg, middels og høg sats. Kommunestyret kan fastsetje minimumsavgifter.

7.3. Tilknytningsavgift forfall til betaling når bygget er fysisk tilknytta det offentlege anlegg.

7.4. Ved stikkledningar over 40 lm, kan kommunen etter søknad, levere naudsynt ledningsmateriell.

VIII. ÅRSAVGIFTER.

8.1. Årsavgifta for vatn- og/eller kloakk skal betalast:

- For eidegom som er tilknytta kommunal vatn- eller kloakkledning.

8.2. Årsavgifta skal vera basert på:

- Fast del (abonnement)
- variabel del, målt eller stipulert vassforbruk med dei reservasjonar som elles fylgjer med desse forskrifter.

8.3. Eidegom som har godkjend vassmålar, betalar årsavgifta for både vatn- og kloakk i henhold til målt vassforbruk og gjeldande m³ pris. Dersom kloakkmengden er vesentleg større, eller mindre enn det målte vassforbruk, skal kloakkavgifta baserast på den kloakkmengde som vert bestemt av driftsutvalet.

Det kan fastsetjast ulike minsteavgifter for forskjellige kategorier av avgiftspliktige.

For installasjon og bruk av vassmålarar, gjeld bestemmelsen i pkt. XI.

- 8.4. Eigedom som ikkje betalar avgift etter målt vassforbruk, skal betale årsavgift for variabel del av vatn- og/eller kloakk i henhold til stipulert vassforbruk, basert på storleiken av det bygde arealet.

Vassforbruket vert sett til 1,0 m³ pr. m² bruksareal. Dersom vassforbruket er vesentleg større, eller mindre enn det stipulerte, skal kloakkavgifta baserast på den kloakkmengde som vert bestemt av driftsutvalet.

- 8.5. For eigedomar som betalar etter målt vassforbruk, gjeld ei minste avgift på summen av fast del + målt forbruk, (antal m³)
For eigedom som betaler etter stipulert vassforbruk, gjeld ei minsteavgift på summen av fast del + 100m³ (100 kvm bruksareal)..
- 8.6. Full årsavgift kan tidligst innkrevjast frå og med månaden etter at innflytning skjer, eller brukstillatelse vert gjeve.

IX. FRÅDRAG I ÅRSAVGIFTA.

- 9.1. Dersom eigedomen er tilleten utstyrt med toalettsystem som inneber ein vesentleg reduksjon av vatn- og kloakkmengde i forhold til vanlege vassklosett, kan det gjevast frådrag i årsavgifta for vatn- og kloakk.

Frådraget si storleik vert å bestemme av driftsutvalet.

X. TILLEGG TIL ÅRSAVGIFT.

- 10.1. Der kloakkvatnets samansetning avviker frå vanleg hushaldningsavløp, og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunens kloakkavløp, kan det bereknast eit tillegg til kloakkavgifta. Tilleggets storleik skal fastsetjast av driftsutvalet.

- 10.2. Avgiftspliktig som unnlet å etterkoma pålegg om å fjerne, eller bortsletta privat slamavskiljar/kloakkanlegg, skal betala eit tillegg til kloakkavgifta. Tilleggsavgifta begynner å løpe 6 månader, etter at pålegget er gjeven, dersom arbeidet ikkje er utført tilfredsstillande. Tillegget utgjer 10 % av eigedommens ordinære kloakkavgift, og avgifta vert utrekna for kvart påbegynt kvartal. Avgifta held fram inntil pålegget er etterkome. Dette gjeld der kommunen krev off. tilkopling etter pkt.1.1.

- 10.3. Avgiftspliktig som unnlet å etterkoma pålegg om å utbetra lekkasjer på eigedommens vassledning, eller manglar ved kloakkanlegg eller sanitærutstyr som medfører auka belastning på ledningar, eller renseanlegg, skal betala eit tillegg til vatn-og/eller kloakkavgifta. Tilleggsavgifta begynner å løpe 1 mndr. etter at pålegget er gjeve. Tillegget utgjer 10 % av eigedommens ordinære vass-og/eller kloakkavgift, og vert utrekna for kvart påbegynt kvartal. Avgifta løper inntil pålegget er etterkome.

10.4. For svømmebasseng på eideom som ikkje betalar etter målt forbruk, skal det betalast ei tilleggsavgift for vatn og/eller kloakk tilsvarende eit årleg vassforbruk på:

- 40 m³ for bassengvolum inntil 20 m³
- 80 m³ for bassengvolum inntil 40 m³
- 120 m³ for bassengvolum over 40 m³

Basseng under 3 m³ er friteken for avgift. Bestemmelsen gjeld såvel fastmontert som demonterbare bassenger.

XI. BESTEMMELSER FOR INSTALLASJON OG BRUK AV VASSMÅLARAR..

11.1. I alle bygg som ikkje utelukkande vert benytta til bustadformål/hytte, skal det installera vassmålar, og årsavgifta for vatn- og kloakk skal betalast etter målt forbruk.

Driftsutvalet kan likevel i det einskilde tilfelle tillate, eller krevja betaling etter stipulert forbruk.

Bustad og fritidsbebyggelse kan velge å betala årsavgifta etter målt eller stipulert vassforbruk.

11.2. For eideomar med installert vassmålar gjeld vidare fylgjande:

- Målaren er kommunen sin eideom. Tenesteleiar teknisk drift bestemmer type, plassering og storleik av målaren.

- For anskaffelse og vedlikehald av målaren, skal det betalast ei årleg leige, som utgjer 15 % av målar- og installasjonskostnaden. Leigaren skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesning. og vedlikehald.

Vert ein målar borte, eller skada, skal leigaren, omgåande melda dette til teknisk drift. Kommunen forbeheld seg retten til å krevja full erstatning for tap, eller skade.

- Tenesteleiar teknisk drift avgjer kven som skal stå for installasjon og vedlikehald, samt evt. flytting, byggjing eller fjerning av målaren.

- Utgifter til evt. flytting av målaren skal betalast av leigaren.

- Tenesteleiar teknisk drift kan etter skriftleg søknad frå leigaren gå med på kontroll av vassmålaren. Viser kontrollen ein feillesning på minst 5 %, utføres justering, eventuelt utskifting av målaren utan utgifter for leigaren. I motsatt fall bestemmer driftsutvalet, kven som skal betala omkostningane.

Dersom eventuelle feilmålte mengder ikkje kan bereknast tilstrekkeleg nøyaktig, justeres avgifta, for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmeste avlesningsperiode før feilen er oppstått, og etter at den er utbetra.

XII. INNBETALING AV ÅRSAVGIFT.

- 12.1. Årsavgiftene vert fordelt over 2 terminer pr. år., For eigedom som betaler etter målt forbruk og/eller avløpsmengde, føretaes avrekning for ein av terminane etter målaravlesning.
- 12.2. Dersom årsavgifta ikkje er betalt 1 månad etter at den avgiftspliktige har motteke 2. gongs varsel om innbetaling, kan driftsutvalet, dersom helsemyndigheten ikkje motsetter seg det, stenge den kommunale vassforsyning til eigedomen. Dersom det ikkje er mogleg med utvendig stengning, kan plombering utførast på innvendig stoppekran.

For oppmøte i samband med avstenging og påsetjing av vassforsyning, skal den avgiftspliktige betala ei tilleggsavgift på kr 1500,-.

- 12.3. Krav på avgift er med omsyn til pantsikkerhet og inndriving likestilt med skatt på fast eigedom.

XIII. ARBEID MED LEDNINGSNETT

- 13.1. Alt arbeid på kommunalt eller privat ledningsnett skal utførast av personell godkjend etter krava i plan- og bygningslova m/tilhøyrande forskrifter.

XIV. OVERGANGSREGLAR. IKRAFTTREDEN.

- 14.1. Desse forskrifter trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.